

REPRESENTANTSKAPSMØTE

NORDHORDLAND REVISJON IKS

Dato: Fredag 2. juni 2017
Kl.: 09.00
Stad: Møterom Nordhordland Revisjon IKS

Desse møtte:

Austrheim kommune: Per Lerøy
Fedje kommune: Stian Herøy
Masfjorden kommune: Karstein Totland
Meland kommune: Øyvind H. Oddekalv (leiar)
Modalen kommune: Tom Kristian Thorsen (nestleiar)
Osterøy kommune: Jarle Skeidsvoll
Radøy kommune: Jon Askeland

Forfall: Ingen

Dessutan møtte: Styreleiar Lovisa Midtbø og revisjonssjef Reidar Bjørsvik

SAKSLISTE:

SAK 01/17 GODKJENNING AV MØTEINNKALLING OG SAKSLISTE
SAK 02/17 GODKJENNING AV MØTEUTSKRIFT 02.12.2016
SAK 03/17 MELDINGAR
Møteutskrift styret 24.04.2017
Orientering frå styreleiar
SAK 04/17 GODKJENNING AV ÅRSMELDING OG ÅRSREKNESKAP 2016
SAK 05/17 MØTEGODTGJERSLE
SAK 06/17 GODTGJERSLE TIL REVISOR

Leiar i representantskapet Øyvind H. Oddekalv, ynskte velkommen.
Etter lov om interkommunale selskap § 9 skal møteutskrifta underskrivast av møteleiar og to av representantane som blir vald i møtet. Til å underskrive møteboka vart vald Jarle Skeidsvoll og Stian Herøy i tillegg til representantskapsleiar.

SAK 01/17 GODKJENNING MØTEINNKALLING OG SAKLISTE

Vedtak:

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent.

SAK 02/17 GODKJENNING AV MØTEUTSKRIFT 02.12.2016

Det var ingen merknader til møteutskrift.

Vedtak:

Møteutskrift av 02.12.2016 vart godkjent.

SAK 03/17 MELDINGAR

Møteutskrift styret 24.04.2017
Orientering frå styreleiar

Vedtak:

Meldingane vert tekne til etterretning.

SAK 04/17 GODKJENNING AV ÅRSMELDING OG ÅRSREKNESKAP 2016

Årsmelding, rekneskap, revisjonsmelding samt epost frå revisor og signert fullstendighetserklæring er sendt ut med innkalling.

Styret har gjort fylgjande vedtak om årsmelding og årsrekneskap 2016 i sak 04/17:

Samrøystes vedtak:

Styret godkjenner og signerer årsrekneskap og årsmelding.

Styret gjer framlegg om fylgjande vedtak i representantskapet:

Representantskapet godkjenner årsrekneskap og årsmelding for 2016.

Årets mindreforbruk, kr 408 791, blir avsett til disposisjonsfond øyremerka lønn- og pensjonsområdet.

Rekneskap og årsmelding vart gjennomgått og kommentert.

Samrøystes vedtak:

Representantskapet godkjenner årsrekneskap og årsmelding for 2016.

Årets mindreforbruk, kr 408 791, blir avsett til disposisjonsfond øyremerka lønn- og pensjonsområdet.

SAK 05/17 MØTEGODTGJERSLE

Vedlagt innkalling låg oversikt over godtgjersle etter tidlegare vedtak i representantskapet.

I representantskapet sitt møte 14.06.2011, sak 05/11 vart det uttrykt ynskje om at valnemnda legg fram innstilling i framtidige saker om fastsetting av møtegodtgjersle. Valnemnda presenterte sitt framlegg i møtet.

Samrøystes vedtak:
Nye satsar med virkning for 2017:

	Gjeldande	Ny sats
Godtgjersle leiar	Kr 36 000	Kr 40 000
Godtgjersle nestleiar	Kr 8 000	Kr 10 000

Nye satsar med virkning frå 02.06.2017:


	Gjeldande	Ny sats
Møtegodtgjersle	Kr 1 600	Kr 1 600
Tapt arbeidsfortjeneste udokumentert	Inntil kr 1 700	Inntil kr 1 700
Tapt arbeidsfortjeneste dokumentert	Inntil kr 3 400	Inntil kr 3 400

SAK 06/17 GODTGJERSLE TIL REVISOR

Revisjonsgodtgjersle er utgiftsført med kr 25 800 i 2016.
I 2015 var utgiftsført revisjonshonorar kr 25 200.

Samrøystes vedtak:
Godtgjersle til revisor blir godkjent etter rekning.

Isdalstø, 2. juni 2017


Øyvind H. Oddekalv
Leiar i representantskapet


Stian Herøy


Jarle Skeidsvoll

